



16-04-2013 10:06 CEST

Lansering av biografi om stemmerettsforkjempar Fredrikke Marie Qvam 24.4.

Fredrikke Marie Qvam (1843-1938) var ein av dei heilt sentrale strategane i kampen for full kvinneleg stemmerett. Som leiar for fleire kvinneorganisasjonar stod ho i spissen for kvinnestemmerettskampen på slutten av 1800-talet. Målet vart nådd i 1913, men det sette ikkje på nokon måte punktum for Qvam sitt politiske og organisatoriske engasjement. Qvam vart ikkje utan grunn kalla *Korridorenes Dronning*, og ho påverka gjerne landets leiande menn ved å gå gjennom konene deira. Sjølv var Fredrikke Marie Qvam gift med Ole Anton Qvam, ein sentral Venstre-politikar. Mykje sjukdom, to barn som døydde tidleg, ein son som døydde av tuberkulose 25

år gammal, og eit dødfødd barn sette eit sterkt preg på livet hennar.

Fredrikke Marie Qvam er ein av fire kvinner Stemmerettsjubileet markerer som dei heilt sentrale for kvinneleg stemmerett i Noreg.

LANSERING 24.4. kl. 19.30 på Dampsaga Kulturhus i Steinkjer. Forfattar Magnhild Folkvord i samtale med Robert Øfsti.

Magnhild Folkvord (f. 1945) er utdanna adjunkt. Ho har sidan 1999 arbeidd som journalist i Klassekampen. I 2008 gav ho ut boka *Sekstimarsdagen – den neste store velferdsreforma?* i samarbeid med Ebba Wergeland.

Det Norske Samlaget er eit kultur- og kunnskapsforlag som gir ut litteratur på nynorsk. Vi gir ut omlag 100 titlar kvart år av norsk og omsett skjønnlitteratur, barne- og ungdomsbøker, dokumentar- og faktalitteratur, ordbøker og læremiddel for høgare utdanning.